



Gunnar Hageberg
Grønfjellet 1
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4957 - 14/25728

Saksbehandlar:
Eilin Houlison
Eilin.Houlison@lindas.kommune.no

Dato:
21.11.2014

Orientering om vidare saksgang i høve oppføring av carport og utviding av altan gbnr 108/157

VIDARE SAKSGANG I HØVE SØKNAD OM OPPFØRING AV CARPORT OG UTVIDING AV ALTAN

Vi visar til tidlegare korrespondanse i saka og vårt brev datert 04.08.2014, der det vert vist til notat frå Teknisk drift og bedt om nytt situasjonskart der ny plassering av carport er innteikna i riktig målestokk og komplett målsett.

Søknaden omfattar vidare utviding av eksisterande altan i fasade mot sør. Vi gjer merksam på at de har høve til å dele opp søknaden og få handsama søknad om utviding av altan uavhengig av søknad om oppføring av carport. Om de vel å dele opp søknaden vil vi handsame søknad om utviding av altan uavhengig av søknad om løyve til oppføring av carport.

De vil då verte fakturert eige gebyr for handsaming av søknad om utviding av altan. I tillegg kjem gebyr for eventuell handsaming av søknad om løyve til oppføring av carport.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon etterspurd i vårt brev datert 04.08.14 vert sendt inn samla innan **05.01.15**, vidare ber vi om attendemelding om de ynskjer å dele opp søknaden eller om de vil at vi skal handsama heile søknaden slik den ligg føre no (både carport og utviding av altan).

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedkomande søknad om carport - 108157 Lindås
Uttale vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - gbnr 108157 Lindås
Situasjonskart 108-157 25.06.14

